
Vår referanse 2020/45015-17
Dato 04.06.2020

RIKSANTIKVAREN
Postboks 1483 Vika
0116 OSLO

Oversending av sak til Riksantikvaren - Reguleringsplan for steinbrot på Aksla, Hennøy plan id 1438.016.03 - Bremanger kommune

Vi viser til reguleringsplan for steinbrot på Aksla, Hennøy plan id 1438.016.03. Saka vart handsama i Fylkesutvalet 28.05.2020, PS 98/20.

Då delar av faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje har blitt fylgt opp av politiske organ i Vestland fylkeskommunen, vert saka sendt til Riksantikvaren, som på sjølvstendig grunnlag kan fremja motsegn i saka, jf. underretningsplikta i Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven, § 7-3.

Det vart i utvalsmøte lagt fram forslag til vedtak:

- 1. Fylkesutvalet opprettheld motsegnene knytt til kulturminne, landskapsbilete og vassmiljø frå vedtak i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane i møte den 31.08.2018, FU-sak 86/18.*
- 2. Kulturminne og landskapsbilete. Fylkesutvalet meiner tålegrensa for den storskala nedbygginga av kulturlandskapet knytt til Rugsundøy, Hennøya, Marøya og austlege del av Bremangerlandet og fastlandet med Rugsund, Leirgulen, Vingen og Aksla er nådd.*
- 3. Kulturminne og landskapsbilete. Vingen helleristningsfelt (id 87369) er eit nasjonalt og internasjonalt viktig kulturminneområde og inngår i eit heilskapleg kulturhistorisk landskap. Dette landskapet vil bli forringa av dei planlagde landskapsinngrepa.*
 - a. Fylkesutvalet er ikkje samd i den samla verdivurderinga som er gjort i konsekvensutgreiinga for kulturminne og kulturmiljø. Etablering av utskipings- og kaianlegg for steinbrotet på Aksla på Inste Bårdvikneset vil skape store negative verknader for eit nasjonalt særskilt viktig kulturhistorisk landskapsområde som Vingen helleristningsområde er ein del av. Motsegna vert trekt dersom kaianlegget til Aksla blir samkøyrert med utskipingsanlegget til det allereie etablerte steinbrotet på Dyrstad.*
 - b. Fylkesutvalet meiner at steinbrotet på Aksla må skalerast meir ned, slik at heile fjelltoppen Aksla blir bevart og steinbrotet berre er synleg frå nord. Motsegna vert trekt dersom massetaket på Aksla vert redusert, slik at heile Aksla blir bevart, og steinbrotet ikkje er synleg frå dei høgtliggande delane av kulturmiljøet i Vingen og Hornelen, før og etter driftsfasen.*
- 4. Vassmiljø. Fylkesutvalet meiner det framleis m anglar ei vurdering av om dei føreslegne avbøtande tiltaka er tilstrekkelege til å tilfredsstille krava i vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen.*

I utvalsmøte vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Fylkesutvalet opprettheld motsegnene knytt til kulturminne, landskapsbilete og vassmiljø frå vedtak i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane i møte den 31.08.2018 når det gjeld kaien.*

2. Fylkesutvalet er ikkje samd i den samla verdivurderinga som er gjort i konsekvensutgreinga for kulturminne og kulturmiljø. Etablering av utskipings- og kaianlegg for steinbrotet på Aksla på Inste Bårdvikneset vil skape store negative verknader for eit nasjonalt særskilt viktig kulturhistorisk landskapsområde som Vingen helleristningsområde er ein del av. Motsegna vert trekt dersom kaianlegget til Aksla blir samkøyrte med utskipingsanlegget til det allereie etablerte steinbrotet på Dyrstad.

3. Vassmiljø. Fylkesutvalet meiner det framleis m anglar ei vurdering av om dei føreslegne avbøtande tiltaka er tilstrekkelege til å tilfredsstille krava i vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen.

For meir informasjon sjå vedlegg i saka.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David Aasen Sandved
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Saksframlegg_Aksla
- 2 Møteprotokoll_fylkesutvalet_28052020
- 3 1 gongs off ettersyn brev med vedtak fylkesutvalet Sogn og Fjordane
- 4 1 gongs off ettersyn_saksframlegg_fylkesutvalet_Sogn og Fjordane 31082018
- 5 Flaumsonekartlegging
- 6 Fråsegn_Fylkesmannen i Vestland_dialogmøte 20052020
- 7 Fråsegn_UIB_2 gongs off ettersyn
- 8 Føresegner_revidert plan
- 9 KU_revidert plan
- 10 Multiconsult_notat med vurderingar av motsegner
- 11 Plankart ved 1 gongs off ettersyn til samanlikning
- 12 Plankart_revidert plan
- 13 Planomtale_revidert plan
- 14 Presentasjon av tiltaket frå synfaring og drøftingsmøte 12112018
- 15 Referat frå møte med tiltakshavar og kommune 13032018
- 16 Referat frå synfaring og drøftingsmøte 12112018

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland Statens hus - Njøsavegen 2

BREMANGER Postboks 104

KOMMUNE

Birgit Tansøy

Torbjørn Hasund

Eva Katrine Ritland

Taule